Til føresette ved Holsen skule og barnehage og bygdafolk.

FAU ved Holsen skule og FAU ved barnehagen og Grendalaget inviterer inn til to dugnadsdagar. Vi har mange oppgåver som vil gjere leikeområdet til barn og elevar betre. Ein del av oppgåvene krev litt utstyr, så det er fint om de kan ta med det. Vi fordeler oppgåvene på første dugnadsdag. Det er mykje som skal gjerast, men vi håpar at vi i lag får dette til😊.

Tidspunkt: Tysdag 2. mai og måndag 8. mai – begge dagar kl. 17.00-20.00.

Nr.	Kva	Behov av utstyr.
1	Montere nytt dissestativ ovanfor ballbingen.	Teikning + instruksjon. 8 meter enkel forskaling + spiker. Skiftenøkkel ev. skralle/fastnøkkelsett. Spade og grapse. 3 personar.
2	Montere ny vippe for 4 barn + fallunderlag.	Teikning + instruksjon. 4 meter enkel forskaling + spiker. Gravemaskin (jobb nr. 1). 2 personar
3	Montere to nye disser for barna i barnehagen.	Teikning + instruksjon. 3 meter forskaling. Gravemaskin (jobb nr. 2). 2 personar.
4	Montere opp enkel vippe.	Grave hol og lage til enkel forskalling. 2 personar. Gravemaskin (jobb nr. 3).
5	Lage bilar, tog og dyr av gamle kabeltromlar.	Montere /grave ned(støype??) kabeltromlar til leik. Fjerne farlege stiftar mm. Slipemaskin til å runde kantar. Om nokon har restar av utandørs måling som kan brukast til måling av tromlar og utekjøkken, så er det fint om de tek det med😊. 3 personar. Gravemaskin (jobb nr. 4)
6	Montere sykkelskur.	Hente sykkelskur ved kraftverket. Grundig vask av sykkelskur med høgtrykkvaskar. Gravemaskin (jobb nr. 5). Forskaling med 2*8. Støyping. Vurdering av armering. 4 personar.
7	Merke opp sykkelbane.	Merke opp ei sykkelbane på asfalten med vegar, fotgjengarfelt, bensinstasjon, vaskehall, sykkelparkering mm. Sprayboksar er kjøpt inn. Lage teikning/mal + måle om det er tørt. Breidde på veg 1 meter. 3 personar.
8	Lage eit utekjøkken til dei yngste elevane og barnehagen.	Om nokon har restematerial som kan brukast, er det fint om de vil ta det med. Vi har og tenkt å bruke pallar til dette. Øystein har vask😊. 3 personar.
9	Ordne til blomsterbed mm.	Ordne til blomsterbed mm. 4 personar.
10	Orden på plen og vegar.	Rydde plenar og koste vegar. 4 personar.